



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa for barnehage*

# **VURDERINGSRAPPORT**

## **BULKEN BARNEHAGE**



Bulken barnehage Rekvesvegen 94 5700 Voss  
Styrrar Stein Helge Mandelid  
E.mail: [bulken.barnehage@voss.kommune.no](mailto:bulken.barnehage@voss.kommune.no)  
Tlf: 56 51 42 19 / 954 85 084

15. november – 18. november 2010



## 1 – Føreord

### Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vert det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3 Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

### Kven er vurderar?

Vurderingsgruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdera dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år.

Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

### Progresjon i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen årleg arbeider med.



## 2 – Fakta om barnehagen

Bulken barnehage er ein kommunal 1-avdelings barnehage med 21 barn i alderen 1 til 6 år. Det er 30 plassar totalt. Barnehagen har 5 tilsette i totalt 4,8 årsverk.

Barnehagen er samlokalisert og har felles leing med Bulken skule. Nytt av året er at barnehagen har fått assisterande styrar i 30% stilling. Det er etablert felles FAU og SU for Bulken skule og barnehage.

Barnehagen nyttar nokre av lokala til skulen som gymsal og skulekjøkken. Barnehagen og skulen har også felles personalavdeling med personalrom og kontor. Barnehagen har felles arrangement med skulen 1 gong kvar månad.

Satsingsområder for barnehageåret 2010 – 2011 er "språkmiljø og språkstimulering" og "estetisk innemiljø".

## 3 – Vurderingstema

Bulken barnehage har bede om vurdering på følgjande tema:

**"Organisering av kvardagen i barnehagen"**

## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av barnehagen.



Bakgrunnen for begrepet: Tidligere var det vanlig å samle på glansbilder. Englene med glitter på vingene, var de spesielt vakre. Ingen vet eksakt hvordan engler ser ut, men en kunne vel ønske at de så ut som på gamle glansbilder!



## Glansbilde

Tema: "Organisering av kvardagen i barnehagen"

Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen er ein lærande organisasjon  (Rammeplan for barnehage 2006, s.50)	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Barnehagen har klare målformuleringar</li><li>❖ Leiarane gir personalet fagleg støtte og rettleiing</li><li>❖ Leiinga vektlegg dagleg kontakt med alle tilsette</li><li>❖ Det er sett av fast tid til refleksjon og drøfting av eigen praksis</li><li>❖ Personalet deltek aktivt i utvikling og iverksetting av årsplan</li></ul>
Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda  (Rammeplan for bhg.-06,s.16)	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Personalet opplever verksemdsplanen som eit arbeidsreiskap</li><li>❖ Barna sine innspel på den daglege verksemda vert vektlagde</li><li>❖ Personalet har eit bevisst forhold til gruppedeling og organisering</li><li>❖ Personalet har gjensidig respekt for kvarandre og har gode rutinar for kommunikasjon</li><li>❖ Personalet er bevisst på bruken av vaksenressursen i barnehagen</li></ul>
Barnehagen gjer barna høve til utvikling, læring og aktivitetar i nær forståing og samarbeid med barna sin heim  (Barnehagelova §1 Formål.)	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald</li><li>❖ Føresette får høve til å påverke årsplan og andre plandokument</li><li>❖ Føresette vert møtt med respekt og innspel vert tekne på alvor</li><li>❖ Føresette opplever at barna er del at eit positivt fellesskap</li></ul>
Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd.  (Rammepl. 2.4 s. 27) Rammepl pk. 1.5 s. 13 (Barnehagelova § 3. Barns rett til medverknad)	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Barna opplever at dei kan påverke kvardagen sin</li><li>❖ Barna trivast i barnehagen</li><li>❖ Barna vert sett og høyrd</li><li>❖ Barna har gode vener som dei får vere saman med</li><li>❖ Barna opplever at leiker og materiell er lett tilgjengeleg</li></ul>



## 5 – Deltakarar i vurderinga

### **Interne:**

- Rektor/ styrar
- Assisterande styrar
- Pedagogisk leiar
- 2 assistenter
- 6 barn
- Foreldremøte med 7 barn representert av 21 mulige

### **Eksterne:**

- Kari Aalvik, Bjørg Eilertsen Haukeland og hospitant Sigrunn Fosså Rykkje.

Grunngjeving for val av informantar:

Ettersom det er ein avdelings barnehage så har vi valt å intervju alle dei fast tilsette i personale.

Under vurderingsveka vert det lagt vekt på at så brei gruppe som mogleg av informantar er med i vurderingsprosessen. Foreldra vert invitert til eit foreldremøte. I Bulken barnehage var 7 barn av 21 representert på dette møtet. Det var representantar for både dei eldste og yngste barna i barnehagen.

Barna var representert med informantar frå dei eldste barna i barnehagen. Det var alle 4 og 5 åringane som var med på intervju. Barna fekk velje om dei ville vere to eller om det var greitt å verta intervjualeine. To enkeltintervju og to gruppeintervju med to representantar i kvar gruppe.

## 6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein barnehage. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter barnehagen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet i barnehagen i inntil 3 dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



## TIDSPLAN for vurdering av Bulken barnehagen, Voss kommune

Dato/veke	Tid	Aktivitet	Ansvar
August 2010	2 mnd før vurdering	Telefonkontakt med barnehagen: informasjon om metoden, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen	Vurderarane: Bjørg
August 2010		Informasjon til barnehagen via e-post, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen: 1. om ståstadsanalysen (sett av 1 mnd. til arbeid) 2. oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurdering 3. tidsplan – prosessen før vurdering	Vurderarane: Bjørg
Innan 24. september		Sende: Ståstadsanalyse, vurderingstema og dokumentasjon	Stein Helge
Veke 39		Laga glansbilete	Kari og Bjørg
Innan fredag 8. oktober		Sende framlegg til glansbilete til barnehagen	Kari og Bjørg
Innan fredag 24. oktober		Styrar diskuterar glansbileteframlegget med personalgruppa og returnerar innspel, kommentarar eller ei godkjenning av glansbilete	Stein Helge
Veke 44 og 45		<ul style="list-style-type: none"> <li>Laga intervjuguider</li> <li>tidsplan for vurderingsveka</li> <li>rapport-mal, intern og ekstern</li> <li>laga mal for power point presentasjon</li> <li>sende ut innkalling til foreldremøte</li> </ul>	Kari og Bjørg
Innan 06. november		Informasjon til vurderarane: <ul style="list-style-type: none"> <li>fakta om barnehagen</li> <li>foto av barnehagen til rapporten si framside</li> </ul>	Stein Helge
<b>Vurderingsveke: 46</b>			
14.11.10		<ul style="list-style-type: none"> <li>Møtes på Park hotell, Voss kl. 19.00</li> <li>Finpussar planane for veka, arbeidsfordeling</li> </ul>	vurderarane
15.11.10	kl 08.00 kl.12.15 kl.14.00 kl.20.00	<ul style="list-style-type: none"> <li>Frammøte i barnehagen: Presentere oss</li> <li>Kort informasjonsutveksling med styrar</li> <li>Observasjon</li> <li>Intervju med assistentane kl. 12.15 – 13.15</li> <li>Intervju med assisterande styrar kl.13.45 -14.45</li> <li>Foreldremøte frå kl. 20.00 til kl. 21.00</li> </ul>	Vurderarane
16.11.10	kl 08.30 kl 09.00 KL.12.15 kl 14.00	<ul style="list-style-type: none"> <li>Frammøte i barnehagen – observasjon</li> <li>Barneintervju/samtale kl.09.00 – kl.11.00</li> <li>Intervju med pedagogisk leiar kl.12.15 – 13.15</li> <li>Observasjon</li> <li>Kort rapport til styrar</li> </ul>	Vurderarane
17.11.10	Kl 08.30 Kl 10.00 Kl 13.00 Kl 14.00	<ul style="list-style-type: none"> <li>Frammøte i barnehagen – observasjon</li> <li>Intervju med styrar kl. 10.00 – kl.11.00</li> <li>Observasjon</li> <li>Kort rapport til styrar</li> </ul>	Vurderarane
18.11.10	Kl 15.30 Kl 16.30	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vurderarane ferdigstillar rapport</li> <li>Formøte med styrar</li> <li>Personalmøte kl. 16.30 – 17.30: framlegg og overlevering av rapporten</li> </ul>	vurderarane
Innan 20. mai 2011		<ul style="list-style-type: none"> <li>Rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen vil arbeida med utviklingsområda</li> <li>Orienterer det politiske fagutvalet</li> </ul>	Barnehage-styrar



## 7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5 åringar og eventuelt 4 åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: Observasjon, intervju, samtale og dokumentanalyse.

### **Dokument- og resultatanalyse**

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sendte barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, månadsplan, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking.

### **Kriterium og teikn på god praksis**

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for bhg - 06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse.

### **Samtaleguidar**

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.

### **Møte med føresette**

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldrekontaktar på avdelingane;

- foreldrerepresentantane i arbeidsutvalet
- samarbeidsutvalet

### **Møte med styrar**

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no - situasjon og for vidare arbeid.

### **Observasjon**

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute på begge avdelingane.



## 8 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet



### Barnehagen er ein lærande organisasjon

(Rammeplan for barnehage 2006 s. 50)

#### **Leiarane gir personalet fagleg støtte og rettleiing**

Personalet gjer uttrykk for at det får den nødvendige støtte og rettleiing i jobben sin. Dersom dei spør om ting så får dei rettleiing. Dei seier at dei ikkje ser styrrar/rektor til dagen, men at det er uproblematisk å oppsøke han dersom det er behov. Assisterande styrrar har alle dagleg kontakt med. rektor/styrrar er også med på ein del av personalmøtet kvar gong.

#### **Personalet deltek aktivt i utvikling og iverksetting av årsplanen**

Personalet meiner at heile personalgruppa er aktivt med i denne prosessen. Dette skjer på personalmøte om våren og undervegs på personalmøta og avdelingsmøta. Små detaljar vert ikkje diskutert med heile personalgruppa. Det er det assisterande styrrar som har ansvar for. Sjølve iverksettinga er heile personalgruppa delaktig i. Styrrar/rektor uttalar at ein må vere meir tydeleg på at no er det årsplanen ein jobbar med slik at alle er klar over det.



**Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda**  
*(Rammeplan for barnehage s. 16)*

**Personalet har gjensidig respekt for kvarandre og har gode rutinar for kommunikasjon**

Heile personalgruppa gjer tilbakemelding på at dei både har og syne respekt for kvarandre. Dei har ein open og god dialog og trivest i saman. Problem kan takast opp undervegs.

Foreldra sa at det var eit godt arbeidsmiljø i barnehagen, og at både barn og foreldre merker det.

Vurderarane opplever at barnehagen har ein god og varm atmosfære med positive og rolege vaksne.

**Barnehagen gjer barna høve til utvikling, læring og aktivitetar i nær forståing og samarbeid med barna sin heim**

*(Barnehagelova §1 Formål)*

**Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald**

Føresette og personalet seier at foreldra får god informasjon om barnehagen sitt innhald, gjennom foreldremøte, planar, månadsposten, "dagen i dag skriv" og gjennom den daglege kontakten ved bringing og henting. Vurderarane ser at det heng opp ulike skriv på foreldretavla, og at barnehagen har ei blokk der personalet skriv opp kva som har skjedd om dagen.

**Føresette får høve til å påverke årsplan og andre plandokument**

Både føresette og personalet seier at føresette har høve til å påverke årsplan og andre plandokument på foreldremøte om våren og gjennom SU. Elles kan dei koma med ynskje og ytringar i diverse undersøkingar og samtale med personalet. Det er m.a. laga til ein konvolutt der foreldra kan legge inn forslag og skrive forventningar.

**Føresette opplever at barna er del at eit positivt fellesskap**

Dette er foreldra heilt einig i. Brukarundersøkinga syner at trivsel og tryggleik scorar høgt.

Personalet seier at dei har fått tilbakemelding frå foreldra at barna har det kjekt i lag, og dei meiner at barna er del av eit positivt fellesskap.

**Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd**

*(Rammeplan for barnehage 2.4 s. 27) Rammeplan for barnehage pk. 2.4 s.13)*

**Barna opplever at dei kan påverke kvardagen sin**

Det meiner personalet at barna får i stor grad. Utanom faste aktivitetar så får barna styre mykje av leiken gjennom dagen både inne og ute. Har dei lyst til å male så får



dei det. Personalet seier at dei snakkar med barna om det dei har vore med på og om det har vore kjekt.

Barna seier at dei får bestemme litt i samlinga, mest songar.

Vurderarane var til stades på ei samling der den vaksne førebudde barna på ein aktivitet seinare i veka. Der deltok alle barna aktivt og ivrig i samtalen. Den vaksne var open for barna sine innspel og kommentarar.

### **Barna trivest i barnehagen**

Alle er einige om at barna trivest i barnehagen. Foreldre nemner at barnehagen er spesiell god og trygg for dei yngste barna. Barna seier at dei likar seg veldig godt på stillerommet og å leike med venane sine. Dei fortel også om kva dei likar å leike med.

Vurderarane ser glade barn i fin leik.

### **Barna vert sett og høyrd**

Føresette meiner at barna blir sett og høyrd. Dette gjeld spesielt dei yngste barn som får mykje merksemd og oppfølging. Personalet meiner og håpar at dei både ser og høyrer alle barna.

Vurderarane har sett mange gode døme på godt samspel mellom barn og vaksne der den vaksne gjer barnet stor merksemd m.a. når barnet kjem om morgonen, under påkledning, i leggesituasjonen, og at dei vaksne har ein god dialog med barna.

### **Barna har gode vener som dei får vere saman med**

Når vi spør barna i intervjuet om dette, så nemne dei mange barn som dei leikar med og som dei har lyst å vere med. Det synest som alle har nokon å vere med. Foreldra seier også at barna har vener i barnehagen, og at dei eldste barna er få og har det godt saman. Personalet seier at barna venter på kvarandre om morgonen og at dei har det fint saman, men at det er synd at det er så få i kvart årskull av dei eldste, berre ein 5 åring.

Vurderarane opplever at det er god harmoni i barnegruppa og fin og positiv leik. Dei eldste barna likar godt å leike saman på "stille rommet". Det er den beste plassen for dei å leike inne, seier barna.

### **Barna opplever at leiker og materiell er lett tilgjengeleg**

Sjølv om barnegruppa er delt inn i ei gruppe for dei eldste og ei for dei yngste nyttar alle barna begge dei store romma på avdelinga.

Derfor er ein del spel og materiell berekna på dei store, plassert litt høgt oppe slik at ikkje dei minste kan nå dei. Dei eldste barna veit likevel kor dei kan finne leiker og materiell som er plassert høgt opp. Dei seier også at dei veit kva dei skal gjøre dersom dei ikkje får tak i det sjølv. Då brukar dei ein stol dersom det er langt oppe på ei hylle, spør den eldste guten på avdelinga eller ein vaksen om hjelp.

Resten av leikane er tilgjengeleg for alle barna. Barna kan også ta med seg leiker og utstyr frå eit rom til eit anna.

Vurderarane ser at leikar og materiell er tilgjengeleg og at barna finner det meste fram sjølv.



## 9 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet



### Barnehagen er ein lærande organisasjon

(Rammeplan for barnehage 2006, s.50)

### **Barnehagen har klare målformuleringar**

Store delar av personale seier at verksemdsplanen har klare mål og at planen opplevast som eit arbeidsreiskap for dei. Andre seier at måla med fordel kunne vore litt meir konkrete. Vurderarane meiner at måla i verksemdsplanen og årsplanen vanskeleg kan nyttast som eit verkty for å vurdera måloppnåing. Vurderarane meiner og at den pedagogiske årsplanen ikkje inneheld konkrete mål for korleis Rammeplanen skal vektleggast og koma til uttrykk i barnehagen.

Når måla er uklart definert, kan det gje ei usikkerheit for personale på om ein gjer ein god jobb, noko som lett kan føre til redusert engasjement for vidareutvikling av organisasjonen. Føresette seier at dei opplever at barnehagen har tradisjon for å halde på det dei har gjort og at dei saknar litt nye impulsar.



### **Leiinga vektlegg dagleg kontakt med alle tilsette**

Personalet seier at det i hovudsak er assisterande styrar som har den daglege kontakten i barnehagen. Rektor seier at han prøvar å ha dagleg kontakt, men at han ikkje klarar det kvar dag. Vurderarane ser at det er ein utfordring at rektor innehar ein 8% stilling med det overordna ansvaret knytt opp mot barnehagen.

Det er assisterande styrar som i hovudsak er delegert ansvaret å skulle leie det pedagogiske tilbodet i barnehagen. Vurderarane meiner at overordna leiar må sjå korleis arbeidsoppgåver vert gjennomført, og ha kjennskap til kva utfordringar og positive sider personalet ser i organisasjonen. Assisterande styrar har ei viktig rolle i det å skulle vere løysningsorientert, finne gode løysingar for barnehagen og motivera og rettleia personale på veggen mot måla.

Enkelte i personale har gitt uttrykk for at det kanskje hadde vore lettare å organisera om dei hadde vore inndelt som ein toavdelings barnehage. Det vert orientert om at bemanninga er auka frå og med denne veka fordi barnehagen har fått inn fleire born. Det gjer at det kan vere mogleg å ha eit tydeligare skilje på gruppedelinga.

Vurderarane ser at slik det er organisert i dag med at barna et til ulike klokkeslett og har ulike behov i høve soving og aktivitet ut frå alder, så kan det vere hensiktsmessig å markere eit tydeligare skilje mellom gruppene. Føresette seier at dei meiner at organiseringa går utover dei eldste barna. Dei seier at det er ulike behov mellom dei små og dei store, og slik det er organisert så vert det vanskeleg for personale å fylgje opp dei store.

Under intervju med personale kom det fram at det kanskje burde vore endra i forhold til kven som gjennomfører medarbeidarsamtalane. Det kan diskuteras kva målet med og kva nytten skal vere, det vil ha innverknad på kven som skal gjennomføre samtalen.

### **Det er sett av fast tid til refleksjon og drøfting av eigen praksis**

Personalet seier at det er så travelt at dei ikkje får tid til å gjennomføra alle møta i den grad dei er planlagd. Personale gjer også uttrykk for at dei saknar å gjennomføra møte for det pedagogiske personalet i barnehagen for drøftingar og refleksjonar i høve eigen praksis. Vurderarane ser at det i stor grad vert avlyst å gjennomføra møter for den pedagogiske leiinga og for personale på dei ulike gruppene. Det meiner vurderarane vil gje nokre fylgjer for det pedagogiske innhaldet i barnehagen.



## **Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda**

*(Rammeplan for barnehage s. 16)*

### **Personalet har eit bevisst forhold til gruppedeling og organisering**

#### **Personalet er bevisst på bruken av vaksenressursen i barnehagen**

Vurderarane ser at barnehagen har ei utfordring i å skulle planlegga verksemda ut ifrå den blanda syskjengruppa som er i barnehagen. Delinga av tal små og store barn har utfordringar.

Det å vektlegga brukartilpassing så høgt som Voss kommune gjer, har fylgjer for korleis barnehagen kan organiserast. Barnehagen vert sårbar i høve personaltettleik, og vert lite forutsigbart for barn og personale å forholda seg til.

Vurderarane meiner at barnehagen ut ifrå dei rammene som ligg i organisasjonen gjer endå sterkare krav til personalet i høve å effektivisera dei kvardagssituasjonane som bere preg av rutinar. Større effektivisering kan gje meir rom til pedagogisk utvikling.

Personale sjølv seier at dei har mange små som krev tett oppfylgning, og at det ikkje alltid er rom for å leggja nye planar. Foreldra seier at dei opplever at personalet har gått inn i ei rutine som det er vanskeleg å koma seg ut av, og at dei saknar litt nytenking.

Vurderarane opplever at kvardagen i barnehagen ser ut til å bere preg av litt tilfeldige hendingar frå dag til dag. Personale seier at i høve samlingsstundar så vert mykje tatt på sparket. Personale seier vidare at dei i ein travel kvardag ikkje lar møteverksemda få høg prioritet dersom dei meiner at det går utover omsorga til barna på avdelinga. Det vil sei at møter for det pedagogiske personalet og avdelingsmøta i gruppene i fleire høve ikkje vert gjennomført.

Vurderarane meiner at når møteverksemda vert nedprioritert, vert det pedagogiske innhaldet svekka.

Vurderarane har og sett eksempel på at barna leikar lenge på eige hand utan innspel eller påverknad frå dei vaksne. Vurderarane har og vorte invitert med i leiken til dei eldste barna, noko som synar at dei sett pris på vaksenkontakt i leiken sin. Sjølv om andre barn har sagt at "nå har du sett hytta, så no treng du ikkje vere her meir". Vaksendeltaking gjer personale ei moglegheit til å vidareutvikla leiken og gje små innspel undervegs.

### **Barna sine innspel på den daglege verksemda vert vektlagde**

Personale seier at dei legg vekt på at barna får vere med å styra kvardagen sin. Dei seier vidare at barna får bestemma kva dei har lyst til å gjere, og at personalet prøvar å innfri ynskja etter kvart. Vurderarane meiner at det ikkje bør leggest så



mykje vekt på barns medbestemming fordi barna ikkje kan ha ansvar for det pedagogiske tilbodet i barnehagen. Vidare meiner vurderarane at det er viktig å setja i system og definera kva barna skal få vera med å medverka i. Rammeplanen seier at barna skal få medverka i planlegging og vurdering av den daglege verksemda – dvs. at organisasjonen må definera klare mål for planlegging og vurdering av organisasjonen.

### **Barnehagen gjer barna høve til utvikling, læring og aktivitetar i nær forståing og samarbeid med barna sin heim**

*(Barnehagelova §1 Formål.)*

#### **Foreldre vert møtt med respekt og innspel vert tekne på alvor**

Personalet meiner at dei møte foreldre med respekt og at innspela til foreldra vert teke på alvor. Men det er ikkje bestandig det er mogleg å gjennomføre dei forslaga og innspela som foreldra kjem med. Det meiner personalet at dei grunnjev til foreldra.

Foreldregruppa er ikkje heilt einig i at dei får tilbakemelding på kvifor innspela ikkje vert tekne på alvor. Dei seier at dei får dårleg tilbakemelding på innspela og at dei ser lite resultat av forslaga som dei kjem med. Dei meiner at barnehagen har vanskeleg for å fornye seg, og at personalet ikkje heilt greier å bryte med gamle rutinar.

### **Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd**

*(Rammeplan for barnehage 2.4 s. 27) Rammeplan for barnehage pk. 2.4 s.13)*

#### **Barna vert sett og høyrd.**

Sjølv om me opplever at barna på mange måtar vert sett og høyrd av dei vaksne, spør vurderarane seg om dette er tilstrekkeleg for å kunna sei at alle barna blir sett og høyrd på ein god nok måte. Det gjeld særleg dei eldste sine behov for utfordringar, tilrettelagte aktivitetar og læring. Eit døme på det er 5-årsgruppa som det er lett å avlysa når barnehagen har berre ein 5-åring. Dei eldste har gjerne gått nokre år i barnehagen, dei er godt kjente med materiell og daglege aktivitetar, er lærelystne og treng nye aktivitetar og opplevingar som støttar utvikling og læring. Foreldra seier også at dei har kjennskap til spesielle ressursar hos personalet som dei ynskjer skal nyttast saman med barna. Døme på det er forming, drama og uteliv

#### **Barna opplever at leiker og materiell er lett tilgjengeleg.**

Det som kan gjera det enda lettare for barna å finna materialet, er å få det litt meir i system m..a. skråhyller der barna ser spel og puslespel, sortert og merka formingsmateriell, bokhylla til bøker osv .Det kunne også vore meir utstyr for å utvide og inspirere rolleleiken. Barna treng også fleire små krockar å leike i. Bruk av skilleveggar/hyller kan vera til hjelp.



### Elles ser me:

- Sjøvstendige barn som er flinke med m.a. påkledning og rydding
- Høflege barn
- Blide og rolege vaksne
- Barnehage med fint turterreng rundt
- Godt høve til samarbeid med skulen

## 10 – Vidare arbeid

6 månader etter at barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Bulken barnehage 15.11.10 – 18.11.10

Bjørng Eilertsen Haukeland,

Kari Aalvik

Sigrunn Fosså Rykkje



## Vedlegg 1 Intervjuguide for personale

Barnehagen er ein lærande organisasjon	
❖ Barnehagen har klare målformuleringar	
❖ Leiarane gir personalet fagleg støtte og rettleiing	
❖ Leiinga vektlegg dagleg kontakt med alle tilsette	
❖ Det er sett av fast tid til refleksjon og drøfting av eigen praksis	
❖ Personalet deltek aktivt i utvikling og iverksetting av årsplan	
Personalet planlegg, gjennomfører og vurderar den pedagogiske verksemda	
❖ Personalet opplever verksemdsplanen som eit arbeidsreiskap	
❖ Barna sine innspel på den daglege verksemda vert vektlagde	
❖ Personalet har eit bevisst forhold til gruppedeling og organisering	



❖ Personalet har gjensidig respekt for kvarandre og har gode rutinar for kommunikasjon	
❖ Personalet er bevisst på bruken av vaksenressursen i barnehagen	
Barnehagen gjer barna høve til utvikling, læring og aktivitetar i nær forståing og samarbeid med barna sin heim	
❖ Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald	
❖ Føresette får høve til å påverke årsplan og andre plandokument	
❖ Føresette vert møtt med respekt og innspel vert tekne på alvor	
❖ Føresette opplever at barna er del at eit positivt fellesskap	
Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd.	
❖ Barna opplever at dei kan påverke kvardagen sin	
❖ Barna trivest i barnehagen	



❖ Barna vert sett og høyrd	
❖ Barna har gode vener som dei får vere saman med	
❖ Barna opplever at leiker og materiell er lett tilgjengeleg	



## Vedlegg 2 Intervjuguide for foreldre

### Tema: "Organisering av kvardagen i barnehagen"

Set opp punkt som de meiner Bulken barnehage er flinke til	
Set opp punkt som de meiner barnehagen kan bli flinkare til	
Set opp punkt som de foreldre kan bli flinkare til	
Barnehagen gjer barna høve til utvikling, læring og aktivitetar i nær forståing og samarbeid med barna sin heim	
Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald.	❖
Føresette får høve til å påverke årsplan og andre plandokument	❖
Føresette vert møtt med respekt og innspel vert tekne på alvor	❖
Føresette opplever at barna er del av eit positivt fellesskap	❖
Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd.	
Barna trivest i barnehagen	❖



**Hardanger / Voss kompetanseregion**  
Vurderingsgruppa for barnehage

Barna vert sett og høyrd	❖
Barna har gode vener som dei får vere saman med	❖



### **Vedlegg 3 Intervjuguide barna**

#### **Barnehagen deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd.**

Fortell kva du likar å gjere i barnehagen?	•
Kven likar du å vere saman med i barnehagen?	
Vi ser at de har fleire rom med forskjellige ting å leike med -teiknesaker, perler i hyllene på kjøkkenet og bilar og duplo og lignende og eit stillerom.  Kor likar du å leika?	
Kva synest du om leikene i barnehagen?	
Kven snakkar du med viss det er noko du vil fortelje eller vil ha hjelp til?	